



Tommy Andersen
Trælandsvegen 26
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/928 - 17/26020

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2017

Varsel om erstatningskrav for skadar som følgje av graving langs kommunal veg

Med heimel i §32, §57, §58 og §59 i veglova varsler vi om erstatningskrav for utbetring av skadar som er påført vegmur i samband med med tiltak på eigedomane gbnr 55/27 og gbnr 55/38.

Vi viser til dialog i samband med leggjing/pressing gjennom veg av trekkerør og søknad om graveløyve av 3. mars 2017. Gravinga og alt grunnarbeid på tomta var utført då vi mottok søknad og denne vart tatt til etterretning, vi hadde ingen moglegeheit til å stille vilkår for gravearbeidet.

Vi viser og til synfaring søndag 12. mars 2017 der og utførande entreprenør for gravearbeidet Ragnvald Valle deltok. Vi vart på denne synfaringa samde om at kommunen skulle utbedre stikkrenna som går gjennom vegen og som har utløp på Dykkar eigedom. Dette er no utført og med ein kostnad på tilsaman kr. 135.667.- eks mva.

Imidlertid har vi sett at utgravinga av tomta og opp mot vegmuren har svekka fundamentet til muren, og vi meiner at dette er ein direkte følgje av gravearbeidet. Det er spesielt muren nord for stikkrenna som har fått skadar. Vi meiner dette ikkje har noko med den påståtte utvaskinga grunna overvatn på avvegar i botn av vegmuren som kanskje var ein av grunnane til at stikkrenna ikkje fungerte optimalt.

Ulovlege tiltak i samband med utbyggjinga:

- Pressing av trekkerør gjennom offentleg veg er ulovleg utan løyve frå kommunen.
- Graving nærare enn 3 meter frå fundament av vegmur er og ulovleg utan samtykke, jfr leggjing av strømkabel ca 1 meter frå vegfundament og ca 30 meter langs mur i søndre del.
- Gamal mur med gjerde vart fjerna i sør som fører til ustabil vegskråning.
- Vekkgraving av støtte for vegmuren som ser vi svært alvorlig på, og vi varsler no om at med heimel i §58 og §59 i veglova vil utbedre skadane nord for stikkrenna for eigar si rekning. Kostnadane er kalkulert til ca kr 75.000.-
- Vegmuren hadde inga skader og vart rekna som stabil før grunnarbeida tok til.



Med helsing

Atle Dingen
eingsleiar

Rune Kilen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik

Atle Dingen

Kjetil Eikefet

Ragnvald Valle Maskinstasjon

Seimsstranda 343 5912

SEIM

Mottakarar:

Tommy Andersen

Trælandsvegen 26 5956

HUNDVIN